

Saksnr 18/21 Utval  
Utval for oppvekst og kultur

Møtedato  
12.10.2021

## **KULTURPLAN - OPPSTART AV KOMMUNEDELPLANARBEID OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAM.**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Utval for kultur og oppvekst vedtek start av arbeid med kommunedelplan for kultur.
2. Utvalet vedtek å senda framlegg til planprogram til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §4-1.

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Utval for kultur og oppvekst vedtek start av arbeid med kommunedelplan for kultur.
2. Utvalet vedtek å senda framlegg til planprogram til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §4-1.

**Rådmannen**, 19.08.2021

Dokumentliste

S 19.08.2021

KULTURPLAN - START AV KOMMUNEDELPLANARBEID OG OFFENTLEG  
ETTERSYN AV PLANPROGRAM.

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Stord kommune har vore utan gjeldande kommunedelplan for kulturplan sidan 2008. Den førre kommunedelplanen for kultur vart vedteken av Kommunestyret 12.10.1995 og revidert i november 2004. Planen gjaldt for perioden 1996-2008 og er forelda, det er difor trong for ny.

I budsjettvedtaket for 2020 heiter det at kulturplanen skal innarbeidast i planstrategien. Kulturplanen er tatt inn i oversikta i Kommunal planstrategi for Stord kommune 2020-2023.

Stord har eit rikt og variert kulturliv, både på amatør og profesjonelt nivå og med stor aktivitet i frivillig lag- og organisasjonsliv. Det er gode høve for både deltaking og opplevingar, likevel er det slik at ikkje alt er dekkja eller at alle tilboda er gode nok. Samfunnet vårt har vore, og er i endring, innbyggjartalet, busetnadsmønster og infrastrukturar endrar seg, me får nye formar for kommunikasjon, rask teknologiutvikling, digitalisering og internasjonalisering. Nye kulturuttrykk har og kome til medan både definisjonar og tilskotsordningar kan vera gamle og forelda. Alt dette gjer at det er viktig med ein ny og oppdatert kulturplan.

I denne saka legg rådmannen fram planprogram og føreslår at det vert lagt på høyring.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Hovudføremålet med planarbeidet er å gje kommunen eit godt og oppdatert styringsdokument som legg føringar og visjonar for heile kulturfeltet i Stord kommune. Det skal utarbeidast ein handlingsplan, med prioriteringar, forankra i plan- og bygningslova. Handlingsplanen må følgjast opp og reviderast annakvart år.

Eining for kultur er ansvarleg for gjennomføring og planlegging fram til vedtak. I arbeidet vil eininga knyta til seg representantar frå ulike lag og organisasjonar, næringsliv, kunstnarar og andre kulturarbeidarar. Det er viktig at alle innbyggjarane får delta i diskusjonen. Stord kommune har dei siste åra arbeidd mykje med å sikra at alle innbyggjarar får delta i dei kommunale planprosessane, og erfaringar frå dette arbeidet må leggjast til grunn. Arbeidet med planen må organiserast slik at prosessane blir effektive, samstundes som det blir sett av naudsynt tid til medverknad og forankring. Det må vera gode høve til å gje innspel.

Forslag til planprogram som skildrar planprosessen, jf. plan og bygningslova § 4-1 andre ledd, skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsling om at planarbeidet skal ta til.

Etter høyring og offentleg ettersyn skal endeleg planprogram fastsetjast av Utval for kultur og oppvekst og det fastsette planprogrammet skal danna grunnlaget og rammene for det vidare arbeidet med planen.

Den nye kommunedelplanen skal erstatta kommunedelplan for kultur 1996-2008.

### **Vurdering**

Saksutgreiinga syner at det er trong for ny kommunedelplan for kultur for Stord kommune. Ny kulturplan har vore etterspurt lenge og vil vera eit nyttig og viktig styringsverktøy for kommunen i tida framover.

### **Økonomiske konsekvensar**

Kostnadene med planarbeidet er anslått til kr 100 000. Rådmannen vil koma tilbake til finansiering i årsbudsjettet og økonomiplanen.

### **Folkehelse**

Ein kommunedelplan for kultur som peikar framover og har gode handlingsplanar vil støtte opp under Stord kommune sine folkehelsemål. Kulturell aktivitet og kunst og kultur i det offentlege rom vil vere med å skape og legge til rette for fellesskap og deltaking.

### **Miljømessig konsekvens**

Ikkje vurdert i saka

### **Universell utforming**

Ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Utval for oppvekst og kultur vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for kultur og at utvalet samstundes vedtek å senda framlegg til planprogram til offentleg ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, og §4-1.

### **Plan for gjennomføring**

<b>FASAR i PLANARBEIDET</b>	<b>FRAMDRIFT</b>
Vedtak om start av planarbeid og offentleg ettersyn av framlegg til planprogram	November 2021
Offentleg ettersyn av framlegg til planprogram	November - desember 2021
Vedtak av planprogram	Januar 2022
Utarbeiding av framlegg til ny kommunedelplan for kultur <ul style="list-style-type: none"><li>- Innbyggjarmedverknad</li><li>- Temamøte</li><li>- Utarbeiding av plandokument og handlingsplan</li></ul>	Våren 2022
Vedtak om offentleg ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kultur (Utval for oppvekst og kultur)	Hausten 2022
Offentleg ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kultur	Vinteren 2023
Vedtak av kommunedelplan for kultur (Kommunestyret)	Våren 2023